

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 Oslo

Høyring - Forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

Sogn og Fjordane fylkeskommune er invitert til å gje høyringsuttale til forskrifta innan 22.03.13.

Fylkeskommunen vil gje følgjande uttale:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er kjend med pågåande prosesser knytt til endringar i forvaltningsregimet for akvakulturnæringa. Fylkeskommunen ber om at forslaget om eigen forskrift for Hardangerfjorden vert utsett og eventuelt vurdert i samanheng med andre pågåande prosessar.
2. Utkastet til forskrift inneheld ikkje konkrete mål for kva resultat ein vil oppnå, og korleis dette skal målast. Det er heller ikkje synt noko tidsperspektiv for forskrifta. Fylkeskommunen ber om at konkrete mål og tidsavgrensing kjem på plass før forskrifta eventuelt vert teken i bruk.
3. Fylkeskommunen ser med uro på at miljøbelastninga kan auke monaleg i vårt fylke gjennom at aktørar frå Hardangerregionen flytter lokalitetane hit. Dette skjer utan at akvakultur-forvaltninga i fylkeskommunen har noko godt verktøy til å kontrollere veksten i eige region. Vi peiker her på vedtak i hovudutval for plan og næring i 2010 (sak 62/10) der følgjande vedtak vart fatta: «*Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at Sogn og Fjordane, i saker knytt til handsaming av konsesjonar og lokalitetar for akvakultur, skal vere ein sjølvstendig forvaltningsregion*».

Bakgrunn:

Dei siste åra har oppdrettsnæringa vorte pålagt strengare regelverk. Det har m.a. kome nytt og oppdatert regleverk for tekniske installasjonar (2013), nytt og strengare regelverk knytt til fiskehelse (PD-forskrifta), nytt og strengare regelverk knytt til handtering av lus (2012), fullstendig omlegging av produksjonen regionalt gjennom at Hardangerfjorden, med kringliggande fjordar, er inndelt i produksjonssonar med felles brakklegging. Ytterlegare særforrifter for Hardanger må difor kome etter at ei evaluering av verknader av tiltak som er sett i verk er gjennomført.

For å få produksjonskabalen til å gå opp i ei sone, er det avgjerande for forvaltninga og næringa sjølve å vite om korleis sonene vert i andre område. Dette er ikkje på plass for resten av Hordaland eller Sogn og Fjordane. Det er sagt at stortingsmeldinga om sjømat som kjem denne våren vil seie noko om dette (som oppfølging av tidlegare rapport «*Effektiv og berekraftig arealbruk i*

havbruksnæringen» (Gullestad-utvalet)). Det vil difor vere naturleg å vente med ytterlegare restriksjonar før soneinndelinga er på plass.

Hardangerfjorden er eitt av dei mest oppdrettsintensive områda i Noreg. Som vist over er næringa her allereie pålagt strenge forskrifter for korleis dei skal utvikle næringa i meir berekraftig retning. Lusesituasjonen er i dag betre enn for 10 år sidan, sjølv om tal fisk har auka. I 2012 var det ingen registrerte rømmingar i regionene. Skal det gjennom enda ei forskrift, slik som føreslege, leggast ekstra byrder på næringa, må dette sjåast på som ein «ekstra innsats» inntil visse kriterar er oppnådd. Det må ikkje verte ei permanent ordning utan forankring i miljø- eller fiskehelseomsyn. Ein parallell til dette frå vårt eige fylke er evaluering av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar, der mangel på konkrete mål gjer dette til ei nærast «umogleg» oppgåve, og at det heller då ikkje er oppfølging gjennom målingar undervegs om ordninga fungerer som tiltenkt.

Skjerpa regelverk i Hardangerregionen bidreg til auka flytting av oppdrettarar vekk frå denne regionen og til område der rammetilhøva for næringa er noko meir lempelege. Sidan Hordaland og Sogn og Fjordane er ein felles region i Fiskeridirektoratet, er flytting innan ein region ein formalitet. Det er difor nærliggjande å tenke at næringa vil flytte lokalitetar til Sogn og Fjordane. Dette kan gje store konsekvensar for biologisk belastning i visse område av fylket, utan at fylkeskommunen, som har ansvaret for klarering av lokaliteter, har noko godt verktøy for å kontrollere at belastninga ikkje vert for stor. Hovudutval for plan og næring gjorde i 2010 eit vedtak på at «*Sogn og Fjordane, i saker knytt til handsaming av konsesjonar og lokalitetar for akvakultur, skal vere ein sjølvstendig forvaltingsregion*» (HPN 62/10). Bakgrunnen for dette var nettopp den tenkte situasjonen at miljøbelastninga vil kunne «eksporterast» til våre områder heller enn og handterast i Hardangerregionen på et sett som også gjev akseptable rammetilhøve for næringa der ho no er lokalisert.

Det er ynskjeleg at Sogn og Fjordane fylkeskommune, i påvente stortingsmeldinga om sjømat samt vidare arbeid med inndeling av kysten i ulike produksjonssonar, kan gjere ein midlertidig stopp i tildeling av akvakulturlokalitetar i samband nyetableringar i fylket. Då kan vi først få på plass rammene (verktøyet) vi i dag saknar, og deretter sjå til at lokalitetsstruktur vert i samsvar med produksjonssonene og med eksisterande næringsaktørar si trong for nye/andre lokalitetar. På dette settet kan vi ha en god kontroll med biomassen i dei einskilde område, og også i fellesskap med kommunane legge gode planer for ei berekraftig vidareutvikling av akvakultur-næringa i fylket.

Med helsing

Åshild Kjelsnes

Åshild Kjelsnes
fylkesordførar